

# HALVÅRSPLAN

Langhaugane barnehage

## Middagsfjellet



September 2022 – Februar 2023

### **Gruppedeling:**

Vi deler oss i «Einhjørning-gruppa» og «Hjortegruppa» måndag, onsdag, torsdag og fredag. Vi deler oss i gut-og jentegruppe på tysdagar. Vi legger opp til turdag for «Einhjørning-gruppa» på torsdagar og for «Hjortegruppa» på fredagar.

### **Leik:**

Leik er ein viktig arena for sosial læring og det er ein aktivitet som er tilfredsstillande i seg sjølv. Den skal ha ein sentral plass i barnehagen, og legg grunnlaget for læring og sosial kompetanse. Når barn leikar har dei stort engasjement og kan bearbeide sine erfaringar og inntrykk. Leikefellesskapen legg grunnlaget for vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikskap.

«Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.

Barnehagen skal inspirere til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.»

(Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s.20)

### **Barna sin medverknad:**

Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis retten til medverknad blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Vi observerer barna og deira interesser tidlig i barnehageåret og bruker desse observasjonane i vidare planlegging.

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §1 og §3, Grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.» (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s.27)

Vi jobbar med dette ved å:

- Bli kjend med og lytte til barnas interesse og bruke dette i planlegginga av aktivitetar.
- Ha «min dag» kvar dag. Då vil eit barn trekke dagen og få være med å bestemme innhaldet i samling, bestemme kva song som skal syngast, velje kva frukt vi skal ha til fruktmåltidet m.m.
- Velje destinasjon på nokre turar
- Være med å bestemme kva aktivitetar vi har på borda i fri-leik inne på starten og slutten av dagen.

### **Omsorg:**

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver



2017, s.19).

Barn har rett til omsorg og skal møtast på ein omsorgsfull måte. Det krev at personalet er nærværande og engasjert i trivselen og utviklinga til det enkelte barnet. «I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for.» (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s.19).

Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Det handlar om eit gjensidig samspel, og barnehagen skal tilby barna eit miljø som er prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapen. Vi skal legge til rette og skape rom for å danne gode relasjonar og trygge tilknytning mellom borna og mellom barn og vaksne. For å greie dette må dei vaksne vere nær barna, observerer og tilpasse seg deira behov. Føresetnaden for å skape ein omsorgsfull relasjon er at ein har vilje og evne til å lytte, vere nær, leve seg inn i det som skjer og legge til rette for godt samspel.

### **Danning gjennom omsorg leik og læring:**

Barnehagen skal fremje danning. Gjennom å synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring skapar vi ei felles forståing av verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Personalet skal legge til rette for meiningsfulle opplevingar og støtte indentitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barnet, dette kan føre til at borna vert prøvande til og nysgjerrige på omverda og vert engasjerte og deltakande i fellesskapet. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar (Rammeplan for barnehagen, oppgaver og innhald 2017, s. 21).

### **Kvile:**

Rammeplanen for barnehagen (s, 11) skriv: «Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen». Gruppene har kvilestund på fabelen før dei går ut eller etter uteleik eller tur. Vi legg til rette for barn som treng å sove.

### **Samlingsstund:**

Ein formell læringsssituasjon der ein skal sikre at alle barna vert sett og høyrte. Ein føler eit fast oppsett: Vi trekk kalender finner ut kva dag, dato, månad det er. Vi går igjennom visuell dagsplan, presentera tema og prosjekt for det aktuelle tidsrommet. Vi brukar ulike songar og songleikar, rim og regler og gir barna moglegheit til å øve på turtaking, konsentrasjon og å få og gi merksemd.

### **Fagområda:**

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Det er verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen som skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal varetakast (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s. 47).

Fagområda vi skal jobbe med dette halvåret:

**September, Oktober og November:**

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi
- Kunst, kultur og kreativitet

**Desember, Januar og Februar:**

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Etikk, religion og filosofi
- Mengd, rom og form

**Kommunikasjon, språk og tekst:**

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Språket er avgjerande for korleis barna forstår og gjer seg forstått overfor både kvarandre og vaksne. Dette er igjen avgjerande for læring, sosiale relasjonar og vennskap. Ein deler erfaringar, set ord på ting, reflekterer og diskuterer saman. Hos oss skal barna lære nye songar og bli kjent med rim, regler, songleikar og eventyr. Vi skal plukke ut ein song og ein regle som vi skal lære oss kvar månad. Rim og regler likestiller barn i glede over ord, rytme og rørsle – og alle kan vere med på sitt nivå. (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s. 41-42). Dette fagområdet jobbar vi med heile året.

**Høgtlesing og bøker:**

Personalet skal bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer. (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s. 49). Vi vil legge til rett for lesestunder i formelle og uformelle aktivitetar. Vi vil prøve og ha høgtlesing av bøker under nokre av måltida. Bøkene er tilgjengelege for barna i lesekorren. Vi har bibliotek i kjellaren med barnehagen sine bøker og bøker frå biblioteket på Vassenden

Korleis skal vi leggje til rette for å jobbe med kommunikasjon, språk og tekst?

- Prosjekt med bakgrunn i eventyret: «Askeladden som kappåt med trollet»
- Songleikar, rim og regler. Månadens regle og song.
- Bruk av visuell dagsplan som viser med bilete kva vi skal gjere kvar dag.
- Bruke forskjellige spel som omhandlar omgrep og bokstavar
- Bli kjende med dagane i veka, månadane og datoar.
- Lese bøker og samtale rundt innhaldet i bøkene.
- Bokstavar og tal heng lett synleg på avdeling.
- Vi har «spel og bokdag» ein gong i månaden. Barna teke med eigen leike eller bok/spel

## Kropp, rørsle, mat og helse:

«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 49).

**Minirøris:** «Minirøris» er eit bevegelsesopplegg som inspirera barn til å vere aktive og bruke kroppen sin. Programmet ligg som lydspor og vaksne leidar bevegelsane. Vi vil måndag, onsdag og fredag morgon ha felles «minirøris» på Fabelen, dette vert for dei barna som har lyst å vere med på fysiskaktivitet samling og gruppedeling.



Korleis skal vi leggje til rette for å jobbe med natur, miljø og teknikk?

- Psykologisk førstehjelp: Arbeide med samspel og relasjonar mellom barn.
- Livsmeistring og helse: «Hjartesamling».
- Kroppen vår som tema for eit prosjekt.
- Tur til Hjellbrekkestølen.
- Legge til rette for turar og leik i kupert terreng.
- Lære å rulle, stupe kråke, hoppe med samla bein, balansere, stå på ein fot.
- Aktivitetskort.
- Eit par timar med uteleik kvar dag.
- «Morgontrim» på fabelen: «Minirøris», songleikar, hinderløype, kanonball mm.

## Natur, miljø og teknologi:

«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider» (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgåver til 2017, s. 52) Vi prøve å vere ute eit par timar kvar dag. Vi har som mål at kvart barn skal ha ein til to tur dagar i veka. På tur dagar er vi vekke frå barnehagen mesteparten av dagen, men dette er sjølv sagt avhengig av vêir og føre. Området rundt Langhaugane Barnehage er passende for friluftaktivitetar, samt å erverve seg kunnskap om dyreliv og plantevekst.



Korleis skal vi leggje til rette for å jobbe med natur, miljø og teknikk?:

- Faste turdagar ein gong i veka.
- Tur til hjellbrekkestøyla.
- Årstidene som team. Vi arbeider med dei på tvers av fagområda.
- Brannvernopplæring i barnehagen og brannøvingar: Vi skal ha fire brannøvingar på hausten og fire på våren. Vi nyttar oss av «Eldar og Vanja, Brannvernsopplæring i barnehagen.».

### **Kunst, kultur og kreativitet:**

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon».  
(Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s.50)

Vi legger til rette for forskjellige formingsaktivitetar som oftast er knytt til temaet vi jobbar med. Barna får teikne, male, klippe, lime og fargelegge m.m. Det vi lagar, henger vi opp på veggane i avdelinga eller dei får det med seg heim same dag. Det skjer hovudsakeleg inne, men vi leggje og opp til formingsaktivitetar ute på barnehagens sitt område og på tur. I kjellaren har vi bibliotek som både barnehagen og de heime kan nytte.

Korleis skal vi leggje til rette for å jobbe med kunst, kultur og kreativitet?

- Bli kjend med instrument, bilete og bøker.
- Vi har «spel og bokdag» ein gong i månaden. Barna teke med eigen leike eller bok/spel
- Teiknesaker, hama perler og anna formingsmateriale er tilgjengeleg til ei kvar tid, slik at barna kan få nytte seg av det i frileik.
- Synge songar i samlingsstund og før alle måltid.
- Songleikar, rim og regler. Månadens regle og song.
- Dukkerom som barna kan bruke til rolleleik.
- Prosjekt med bakgrunn i eventyret: «Askeladden som kappåt med trollet»



### **Etikk, religion og filosofi**

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald»  
(Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s.54)

- Jobbe med Psykologisk førstehjelp. Arbeide med samspel og relasjonar mellom barn.
- Livsmeistring og helse: «Hjartesamling»
- Legge til rette for forskjellige juletradisjonar i adventstida. Julesongar, juleverkstad, bakeverk og julegåver.
- Prosjekt med bakgrunn i eventyret: «Askeladden som kappåt med trollet»

### **Mengd, rom og form:**

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.» (Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgaver 2017, s. 53)

Vi vaksne skal være bevisst på vårt eige språk. Gjennom bruken av matematiske og førmatematiske omgrep i dei formelle og uformelle og læringssituasjonar, kan vi leggje til rette for eit godt miljø for å jobbe med mengd rom og form:

Korleis skal vi leggje til rette for å jobbe med mengd, rom og form?

- Øve på å telje, sortere, mengder, storleikar og ulike former i kvardagsaktivitetar.
- I samlingsstund teke vi føre oss kva dag, dato, månad og år det er.
- Vi skal syngje songar og lære regler knytt til tal og teljing.
- Ha tilgjengeleg bord- og brettspel som tar føre seg førmatematiske og matematiske omgrep.

## **Dokumentasjon**

Dokumentasjonen kan gje noko informasjon om kva barn opplever, kva dei lærer og kva dei gjer i løpet av ein periode i barnehagen. Vi nyttar dokumentasjon aktivt for å fange opp både prosess og "resultat". Dokumentasjon er eit viktig verktøy for å bli meir målretta og sikre oss at vi jobbar med det vi har bestemt. Det er lettare og å sjå at barna lærer og utviklar seg. Det gjer oss og meir bevisst på å følgje planar og evaluere det som skjer i barnehagen. Endre på ting som ikkje fungera og halde fram med det som fungera.